

Til

Bremanger kommune

post@bremanger.kommune.no

Førde, 30.07.2025

Dette brevet er sendt på vegne av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (regionlaget), DNT Sogn og Fjordane, Norges Jeger og Fisk Sogn og Fjordane, BirdLife Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet i Bremanger.

Innspel til Planstrategi for Bremanger kommune 2025-2028

FNF er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslvsinteresser i fylket. Samarbeidsforumet består av 13 organisasjonar som er tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket. Forum for natur og friluftsliv (FNF) er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget og -verdiane kommunane har og fremme et allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen.

Saka

Kommunestyret skal kvar valperiode, seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, drifta av dei ulike sektorane og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. I arbeidet med kommunal planstrategi skal kommunen innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, og kommunen bør også legge opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

Ved handsaminga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan då ta stilling til om det er behov for å setje i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.



Innspel

Oppsummert

FNF vil at Bremanger kommune skal ta natur- og landskapsverdiane i kommunen på største alvor i dei kommande valperiodane. Planstrategien opner for revidering av gjeldande kommuneplan og FNF meiner at ein plan om å revidere kommuneplanen kan vere aktuelt fordi vi ynskjer at Bremanger kommune tek Naturkampen og oppdaterer kommuneplanen for åra som kjem.

FNF krev at Bremanger kommune

- Tek ein planvask og fyller dei hola i kommuneplanen som finst. Deriblant kunnskapsgrunnlaget om natur- og landskapsverdier som kommunen har.
- Beheld lovnadar om at det ikkje skal byggjast meir vindkraft i kommunen.
- Set i gang ei grundig og fagleg naturkartlegging av natur- og landskapsverdiane i kommunen.
- Naturkartlegginga må inn i kartlag i som ein vesentleg del av arealdelen. Og korleis denne kunnskapen skal bli brukt i praksis i arealforvaltninga.
- Innfører arealreknskap
- Skaffar seg fagkompetanse på biologisk mangfald i kommuneadministrasjonen
- Lager ein plan for å få utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald (her kan ein søkje tilskot frå Miljødirektoratet).
- Skildrar korleis dei skal følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktelser

Vidare vil vi beskrive vårt innspel i meir detalj.

Globale kriser – Nasjonale avtalar - Kommunale utfordringar

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane (heretter FNF) ynskjer å takke for moglegheita til å spele inn våre fråsegn til ny arealplan for Bremanger Kommune. To store globale kriser pregar verda i dag – naturkrisa og klimakrisa. Naturkrisa går først og fremst ut på at biologisk mangfald er under sterkt press og den største trusselen er arealendringar, på land og i hav. Medan klimakrisa forverrar situasjonen for biologisk mangfald, så vil naturtap forsterke dei negative konsekvensane av klimakrisa. Desse krisene heng derfor tett saman.

Nasjonale føringar

Som følge av dette signerte Noreg i 2022 den globale naturavtalen, som seier at vi skal verne 30 prosent av hav- og landområda våre. Vi skal restaurere 30 prosent av dei øydelagde naturområda våre og vi må bruke natur på en helt anna måte enn før. I tillegg kjem måla om å kutte klimagassutslepp.

Kommunale konsekvensar – kommuneplan og handlingsplan

Alle desse avtalane og måla kjem ned til korleis kommunane i Noreg forvaltar sine naturareal. FNs Naturavtale, berekraftsmåla og den europeiske landskapskonvensjonen er også viktige føringar som bør derfor ligge til grunn for kommunal planlegging. Spesielt naturavtalen og landskapskonvensjonen gir nokså klare føringar for ivaretaking av natur- og landskapsverdier for framtida, og trekk fram viktigheta av desse for berekraftige samfunn.

Ein anerkjenner at det er samanhengar mellom klimakrisa og naturkrisa. Kva betyr det for kommunesektoren? Det har KS spurt Ciens om å finne svar på ved å lage ein samanfatning av tre sentrale spesialrapportar frå FN om klima og natur. Konklusjonen frå denne rapporten er at handtering av begge kriser vil krevje ei vesentleg omlegging av all naturforvaltning i Norge, også på kommunalt nivå. Vi kan ikkje velge om vi vil handtere den eine krisa over den andre:

«Forskerne understreker at både reduksjoner av klimagasser og arealbruk betyr mye for hvordan begge krisene utvikler seg. Endringene pågår i et økende tempo. Vi trenger parallelt å tilpasse oss til de pågående endringene. Å ta vare på natur og bygge opp igjen ødelagt natur kan gjøre samfunnet meir robust mot klimaendringene, og samtidig ta vare på naturmangfoldet.»

Derfor må ein slik kommuneplan innehalde konkrete mål og ein handlingsplan for korleis ein skal nå desse måla. Korleis vil for eksempel kommunen vil følge opp internasjonale avtalar, som Avtale om vern av afrikanske-eurasiatiske trekkande vann fugl, der Noreg er ein part? Auka industriareal til vindturbinar og forringing av fuglereservatet Tennøyane gjer at vi saknar ei skildring av korleis Bremanger kommune spesielt vil ivareta fuglelivet i kommunen etter det omfattande naturtapet i kommunen, spesielt på bakgrunn av den negative trenden for sjøfuglbestanden i Vestland.

Føremålet med kommunal planstrategi

Føremålet med å ha ein planstrategi i ein kommune er å vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Føremålet med rullering av planen er at ein kvart fjerde år oppdaterer rammer for arealdisponering i samsvar med Bremanger kommune sine visjonar for utvikling av kommunen, oppdaterer nytt lovverk og nye nasjonale og regionale føringar.

Med dette som bakgrunn vil vi kommentere Bremanger kommune sin planstrategi. Det er positivt å ta ein gjennomgang av kommuneplanar ved gjevne mellomrom. Kommuneplanen som vart gjeldande i fjor satsar ikkje på natur, og kunne absolutt bli oppdatert etter gjeldande globale, nasjonale og regionale mål.

Hovudmål for utvikling av Bremanger kommune

Eit av hovudmåla i kommuneplanen burde vere eit hovudmålsetjing for bevaring av natur. Planstrategien bør innehalde ein plan om å revidere bruk av areal og å implementere naturrekneskap i kommunen. I Bremanger er bit-for-bit nedbygging av strandsone og kystnatur eit spesielt stort problem.

Bit-for-bit-nedbygging: Bremanger versting

Bremanger er ein kommune der det verkar som om at bit-for-bit nedbygging av natur er det som skal gjere kommunen gull og manna. FNF meiner at ein kommune med så mykje viktig og verdifull kystlandskap burde revidere måten dei forvallter areal, og spesielt naturareal på. For denne bit-for-bit nedbygginga av natur er ikkje framtida. Ein bør endre måten ein ser på verdiar ein har i kommunen og naturen i seg sjølv er ein viktig verdi i Bremanger som må takast betrakteleg meir vare på. Det totale avtrykket på naturinngrep i Bremanger inkluderer over 50 regulerte vassdrag, to vindkraftverk, eit stort steinbrot og planer om endå meir. Det skulle vere nok naturbelastning for miljøet. I tillegg kjem fleire oppdrettsanlegg både landbaserte og sjøbaserte som tek plass, og eit svært energikrevjande smelteverk i Svelgen. Kommunen har og stort innslag av høgspenstmaster som skjemmer naturen. Det blir gradvis bygd ned natur og lite blir gjort for å stoppe det, og endå meir er under planlegging.

Natur har stor eigenverdi, den gir oss mange gode i form av økosystemtenester, er viktig for folkehelsa og den hjelper til å forebygge global oppvarminga om den får fungere som den skal. Å ta vare på naturareal er viktig for FNF sine organisasjonar, og det er grunnlaget for eit berekraftig samfunn. For å drive aktivt og enkelt friluftsliv treng ein intakt natur – gjerne urørt. Endringar av areal og tap av naturareal medfører at viktige naturtypar og moglegheitene for friluftsliv i urørt natur forringast. For å minske tapet av naturen, samt bremse den globale oppvarminga, må derfor måten vi forbruker areal på dramatisk ned. Vi må redusere forbruket av naturressursar og energi for å halvere utslepp av klimagassar og skape et berekraftig lav-utslepps samfunn.

Planstrategi

Planvask er bra. Å revidere gamle kommuneplanar og reguleringar som ikkje står seg i tida er positivt og bør gjennomførast med jevne mellomrom. Men å revidere kommuneplanen etter berre eit år, for å sjå om ein kan endre vedtatte reguleringar og lovnader om ikkje å bygge ut vindkraft eller om gjere vedtatt naturområde ser vi på som misbruk av føremålet med moglegheita av å kunne revidere kommuneplanen etter kort tid. Planen som vart vedtatt i 2024 skal i utgangspunktet vere gjeldande til 2036. Det er 12 år – og det forventast jo at ein vedtatt kommuneplan er såpass godt planlagd at den skal kunne vare i 12 år. FNF meiner at planen vedtatt i 2024 ikkje er god nok på mange områder. Men vi meina likevel at ei revidering av planen må ha som hensikt å gjere planen meir i tråd med tida vi lev i, og ikkje styrast av økonomiske insentiv om det er tilfelle. Ein kommuneplan bør også kunne vere stabil nok til at kommunen veit kva reglar og mål ein har å forholde seg til over tid.

FNF er redd at ny planstrategi er i revisjon for at gamle lovnadar om å ikkje bygge meir vindkraft i kommunen skal no revurderast. Sjølv om ein vel å revidere kommuneplanen meina FNF at dette er ein så stor og viktig lovnad at kommunen må vidareføre denne lovnaden i ny kommuneplan. Kommuneplanen er for ny til at ein bør gjere så store endringar i den, sjølv om den blir revidert. Målet med ei revidering må vere å fikse det som ikkje fungerer med planen, slik den er meint. Og fordi ein også treng ein viss stabilitet når det kjem til arealplan, så krev FNF at dette blir vidareført i ein eventuelt revidert kommuneplan.

Når det er sagt. Dersom denne planstrategien bestemmer at kommuneplanen skal reviderast har FNF fleire forslag til forbetringar som vi vil gå nærmare inn på.

Planoppgåver

Bra at kommunen vil lage ein egen kommunedelplan for naturmangfald! Ser også at dei vil lage ein temaplan på "Miljøregistreringar i skog" som er spennande, og burde bli starta i samband med naturmangfaldsplanen? Ser arbeidet med miljøregistreringar i skog først kjem i 2028.

Arealdel

Arealdelen er den kommunedelplanen som kanskje er viktigast når det kjem til oversikt over naturverdiar i kommunen. Bremanger har mange viktige natur- og landskapsverdiar som bør vernast om. Den gamle planen omtalar at det har vore tilråding om *«meir detaljerte naturkartleggingar av biologisk verdifulle skogsmiljø og verdifulle kulturlandskap, registrering av rikmyr, nordvendte og fuktige berg og rasmarkar og kartlegging av uregulerte fossefall.»* Det har ikkje vore kartlagd natur i kommunal regi sidan 2004.» *«Det er ikkje gjort nye kartleggingar eller undersøkingar av naturmangfald i samband med arealdelen. Eksisterande kunnskap er vurdert som tilstrekkeleg for dette plannivået og det omfanget av utbygging som arealdelen opnar for.»*

Vidare inneheld planen beskrivingar om viktig natur i kommunen, som ikkje har noko form for vern mot utbygging, spesielt når det kjem til utbygging av industri, sjølv om dei skriv at det er ynskjeleg med meir kartlegging og kunnskap. Her må kommunen ta eit val.

Vil Bremanger kommune ta Naturkampen?

[Sabima sin naturkamp viser at Bremanger er rangert](#) som 285/357. Når det kjem til tappt natur er Bremanger «verst i klassen», og rangert som 354/357. Det er difor klart at Bremanger ikkje har vore flink til å ta vare på dei viktige naturverdiane kommunen har, og sjølv om det er eit ynskje der, så jobbar ikkje kommunen per i dag godt nok med å levere på naturvern.

Det er ein myte at vern av natur vil gå utover økonomiske interesser, heller tvert imot. Bremanger kommune ynskjer både UNESCO status og Nasjonalpark samstundes som de vedtar nedbygging av nasjonal viktig furuskog på Holmaneset og unik boreal regnskog-førekomstar på planlagt utskipingsområde ved steinbrot på Aksla. I tillegg tillèt de forringing av eit fuglereservatet Tennøyane til tross for at [sjøfuglsituasjonen i Vestland er urovekkande](#). De har vasskraft til Elkem og ynskjer meir vindkraft. Til og med på Bremangerlandet. Det gir ikkje spesielt imponerende resultat i Naturkampen. FNF meina dette må endre seg i åra framover om Bremanger skal halde på den unike naturen som legg grunnlag for kulturidentiteten til kommunen.

Til slutt

FNF meiner at det ikkje skal vere naudsynt å skrive ny kommuneplan etter eit år, det går mykje tid og ressursar i å lage ein slik plan. Då er det betre at den blir gjort skikkeleg første gangen. Samstundes ser vi at det er positivt at dei reviderer kommuneplanen og går over den kvart 4. år for å sjekke om den fungera som den skal. FNF ser at det er fleire ting som burde vert på plass, og syns arealdelen er

svært mangelfull. Vi vil støtte at planstrategien inneheld ein oppdatering av arealdel og at ein byrjar på ein kommunedelplan for Naturmangfald.

I tillegg til kartlegging og handlingsplan, bør kommunen sjå krev på ei grundig Konsekvensutgreiing av detaljreguleringa som inkluderer den *totale* belastninga dette arbeidet vil gjere sett saman med andre pågåande og planlagde arealsaker i sjø og strandsona i kommunen. Det må til ei løysing på arbeidet som gjer minst mogleg skade på marine økosystem og det unike fjordlandskapet i kommunen.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

Kjeldeliste:

KS/CIENS Rapport – Naturkrisen og klimakrisen henger tett saman

<https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/naturkrisen-og-klimakrisen-henger-tett-sammen/>

Økosystemtenestar

<https://www.sabima.no/okosystemtjenester-naturens-goder/>

Folkehelsemeldinga – Stortingsmelding 15 (2022-2023)

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/>

Naturkampen – Bremanger

<https://naturkampen.sabima.no/kommune/4648>

Arealnøytralitet

<https://www.sabima.no/et-arealnoytralt-norge/>

Artsdatabanken: Arealendringer største trussel mot biologisk mangfold

<https://artsdatabanken.no/rodlisterforarter2021/Resultater/Pavirkningsfaktorer>

Fiskeridirektoratet – gytefelt for torsk, rognkjeks, nordsjøsei, makrell og kveite nord for florelandet

<https://www.fiskeridir.no/Areal-og-miljo/Areal/Kystnaere-fiskeridata>

Framande arter

<https://www.sabima.no/hva-truer-naturen/fremmede-arter/>

IPCC (FNs klimapanel)

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/fns-klimapanel-ipcc/dette-sier-fns-klimapanel/sjettehovedrapport/>

IPBES (FNs Naturpanel)

<https://www.fn.no/nyheter/fns-naturpanel-menneskelig-aktivitet-truer-eksistensen-til-en-million-arter>

Lovdata – Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>

Lovdata – Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-05-28-1666/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

Lovdata - Lov om friluftslivet (friluftsløven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Lørenskog kommune Temakart

https://www.lorenskog.kommune.no/f/p71/i78a79b60-7e1e-43b7-b4b7dfe2d0a0b961/groennstruktur_20000_1.pdf

MDIR Inngrepsfri natur

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking/arealplanlegging/naturkartlegging/inngrepsfrienaturomrader/>

MDIR Mudring, dumping og utfylling i sjø

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/mudre-dumpe-utfylling/>

Naturkampen

<http://naturkampen.sabima.no/kommune/4602>

Naturrestaurering – Midlar gjennom Statsforvaltaren

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/MidlerTilRestaureringAvV%C3%A5tmarkSkjema/Startside/Index?s>

Natur for livet – Stortingsmelding 14 (2015–2016) - 3 Internasjonle mål og norsk måloppnåelse

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=4>

Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester - Norges offentlege utredningar (NOU)

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c7ffd2c437bf4dcb9880ceeb8b03b3d5/no/pdfs/nou201320130010000dddpdfs.pdf>

Strandsone (tilgang til)

<https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/friluftsliv/innsiktsartiklerfriluftsliv/strandsonen/id2076261/>

Tøffe tider for sjøfugl

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/naturmangfald/toffe-tider-for-sjofuglane2/>

